



En til En Arkitekter
Øvre Korskirkesmug 2B
5018 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/467 - 17/20409

Saksbehandlar:

Trygve Solberg

Trygve.Solberg@lindas.kommune.no

Dato:

06.07.2017

Løyve til igangsetting del 3 - gbnr 212/56 Eikanger øvre

Administrativt vedtak. Saknr: 322/17

Tiltakshavar: Bjørn Nøstdal Jespersen

Ansvarleg søkjar: En til En Arkitekter

Søknadstype: Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl) §§ 20-1 og 20-3, jf. § 21-2, 5. ledd.

Tiltak

Saka gjeld søknad om igangsetting av våtromsarbeider.

Kommunen har i vedtak av 22.04.2014 gjeve rammeløyve for bruksendring av eksisterande fritidsbustad til bustadføremål samt etablering av tilbygg, ombygging og rehabilitering av eksisterande byggverk.

Løyve til igangsetting andre delar av tiltaket gjeve 17.08.2015 og 12.07.2016.

Det vert elles vist til søknad motteken 15.06.2017

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 15.06.2017 og frist for sakshandsaming etter forskrift om byggesak (SAK 10) § 7-1, 1. ledd, bokstav b, er 3 veker frå denne dato, jf. SAK 10 § 7-2.

VURDERING

Ansvarsrettar og tiltaksklasse

Kommunen legg ansvarleg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn og godkjenner tiltaket i tiltaksklasse 1.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1, jf. § 21-2, 5.ledd vert det gjeve løyve til igangsetting av våtromsarbeider ved bruksendring av eksisterande fritidsbustad til bustadføremål og oppføring av nytt tilbygg på følgjande vilkår:

1. Rammeløyve av 22.04.2014 med vilkår gjeld for tiltaket.

Mynde

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/467

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at rammeløyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til godkjent mottak for avfall.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Tiltaket må ikkje takast i bruk til bustadføremaal før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar byggesak

Trygve Solberg
sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Bjørn Nøstdal Jespersen

Eidsnesvegen 17 5913

EIKANGERVÅG

Mottakar:

En til En Arkitekter

Øvre 5018
Korskirkesmug 2B

BERGEN